

KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Søknadsskjema for Bolyst.

1. Hva er navnet på prosjektet?	Hallingdal 2020
2. Hvem er juridisk eier av prosjektet?	Regionrådet for Hallingdal. I nært samarbeid med dei 6 kommunane i Hallingdal (ein regional søknad, i staden for fleire kommunale søknadar)
3. Søknadsbeløp:	Kr. 3.150.000
4. Når skal prosjektet gjennomføres (fra – til)?	2011 - 2013
5. Hvem er kontaktperson(er)? Navn, adresse, telefonnummer og e-post.	Knut Arne Gurigard, dagleg leiar Regionrådet for Hallingdal Torget 1, 3570 Ål, tlf. 32 08 51 40 knut-arne.gurigard@hallingnett.no
6. Prosjekt- og/eller arbeidsgruppe(r) Gi en kort oversikt over organiseringen av prosjektet.	Prosjekteigar: Regionrådet for Hallingdal Dei enkelte delprosjekta vil ha eigne styringsgrupper og prosjektgrupper.
7. Gi en kort omtale av prosjektet. Maks 250 ord. Forsøk å være så operativ som mulig. Jfr også punkt om gjennomføringsevne i utlysningsteksten.	Hallingdal 2020 er eit regionalt utviklingsprosjekt som skal vera med å utvikle Hallingdal som ein bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion. Kommunane i Hallingdal og Regionrådet for Hallingdal ynskjer å setja i gang ein omfattande prosess, der tydelegare profilering av Hallingdal som region er grunnleggjande. Men det er og prøvd å setja arbeidet inn i ein vidare samanheng, med fleire konkrete tiltak, og med utvikling i forhold til noko av det regionale samarbeidet som skjer i Hallingdal i dag. Hallingdal skal stå fram som ein attraktiv og nytenkjande region. Følgjande konkrete tiltak/prosjekt er med i Bulystsøknad for "Hallingdal 2020": <ul style="list-style-type: none"> • Eige profileringsprosjekt • Landsbyen i Hallingdal,

	<p>omdømmeprojekt Nes - pilot Hallingdal</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvikling Hallingdal ungdomsråd • Utvikle kultursamarbeidet i Hallingdal • Hallingambassadører
8. Hvem er målgrupper for prosjektet?	<p>Målgruppa er samansett, men kan oppsummerast slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eigne innbyggjarar, spesielt barn, ungdom, barnefamiliar, ungevaksne • Næringsliv, etablerarar • Tilreisande, turisten, hytteeigaren
9. Hvordan skal målgruppen(e) informeres/involveres i prosjektet?	<p>Informeras via eigen nettstad, og andre sosiale medie. Kommunale nettstader. Lokal avis/radio. Det vil bli utarbeida ein eigen informasjon/kommunikasjonsstrategi.</p> <p>Ulike målgrupper vil bli involvert i styringsgrupper, prosjektgrupper, arbeidsgrupper, event. referansegrupper.</p> <p>I tillegg vil det bli helde ulike type møte for informasjon og involvering.</p>
10. Hva er mål og eventuelt delmål for prosjektet?	<p>Hallingdal 2020 er eit regionalt utviklingsprosjekt som skal vera med å utvikle Hallingdal som ein bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion.</p> <p>Overordna mål: Hallingdal skal bli ein av dei mest attraktive distriktsregionane i landet som bu- og arbeidsmarknadsregion.</p> <p>Delmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvikle ei slagkraftig merkevare og identitet for Hallingdal som tydeleg skil Hallingdal frå andre regionar, og som resulterer i at Hallingdal står fram som ein autentisk og attraktiv region. • Oppnå eit meir positivt omdømme • Gje ungdommen tru på Hallingdal • Auka stoltheit og identitet for innbyggjarane • Auka trivsel • Redusert fråflytting og/eller auka attendeflytting • Fleire arbeidsplassar og nyetableringar • Auka omsetning for næringslivet

	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle Hallingdal sine styrker, spesialitetar og grunnleggjande føresetnader; som Gamle Nes - Landsbyen i Hallingdal. • Utvikle kultursamarbeidet i Hallingdal til beste for innbyggjarar og våre besøkande (Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet). • Styrke regionale sentra • Skapa nye møteplassar <p>Det vil bli utarbeida meir konkrete prosjektplanar med eigne målsettingar og delmål for kvart enkelt prosjektområde og delprosjekt.</p>
<p>11. Hvordan er målene forankret i lokale/regionale styringsdokumenter?</p>	<p>I Regional planstrategi for Buskerud 2009 – 2012 er eit av fokusområda utvikling av levande byar, tettstedar og distrikt. Det skal skapast bærekraftige lokalsamfunn med offensiv satsing på blant anna næringsutvikling, kompetent arbeidskraft, kultur, barn og unge.</p> <p>I denne samanheng er det sett i gang eit arbeid for å sjå på kva prosesser som fører til negativ befolkningsutvikling i kommunar og kva utviklingstrekk og utfordringar disse kommunane har. Planen skal innehalde erfaringsutveksling både nasjonalt og internasjonalt.</p> <p>Regionrådet for Hallingdal har ein eigen “Strategisk plan for Hallingdal” som er vedteken av alle kommunane i Hallingdal. Dette er ein plan der samhandling, bulyst, rekruttering og tettstadsutvikling er sentrale tema, både når det gjeld satsingsområde og i form av konkrete tiltak.</p>
<p>12. Hva slags resultatindikatorer har prosjektet for måloppnåelse?</p> <p>Beskriv hvordan dere skal arbeide for å finne ut om dere når målene i prosjektet?</p>	<p>Det vil bli gjennomført ei innbyggjar- og brukarundersøking som ei “nullpunktsmåling”, med vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva oppfatning har innbyggerane om kommunen som en plass å leve og bu i? • Kva innflytelse synes innbyggerane dei har på kommunale vedtak? • Kor fornøgd er dei med tenestene til kommunen? • I kva grad føler du tilknytning og tilhørighet til kommunen/regionen • Kor sannsynlig er det at du ville anbefale

	<p>venner og kjente å flytte til din kommune/region</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kor sannsynlig er det at du vil bo i kommunen om 5 år <p>I tillegg vil statistikk for sysselsetting, flytting, handel, tal på bedrifter, omsetning/resultat osv. gi viktige resultatindikatorar.</p> <p>Undersøkinga vil bli gjennomført i siste del av prosjektperioden etter 2 til 3 år.</p> <p>I tillegg vil presseomtale, attendemeldingar og målingar i forhold til sosiale medie vera indikasjonar.</p>
<p>13. Beskriv kort hva dere tror vil ha størst læringseffekt for andre prosjekter/kommuner.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Profileringsprosjekt • Utvikling Hallingdal ungdomsråd • Utvikling av kultursamarbeidet i Hallingdal
<p>14. Hvor geografisk konsentrert vil prosjektet ha effekt? (sett kryss)</p>	<p>a) helt lokal effekt X</p> <p>b) effekten kommer i flere kommuner i regionen X</p> <p>c) effekten kommer i hele fylket</p> <p>d) effekten kommer i eget fylke og i andre fylker</p> <p>e) effekten kommer i eget fylke, samt i andre fylker og/eller utenfor Norge</p>
<p>15. Gi en kort omtale over hvordan arbeidet eventuelt er tenkt slutført/videreført etter prosjektets slutt. Maks 250 ord.</p>	<p>Prosjektet profilering Hallingdal skal vera avslutta og gått over i ein driftsfase der Regionrådet for Hallingdal vil ha hovudansvaret for oppfølginga.</p> <p>Ordninga med Hallingambassadørar vil bli vurdert vidareført etter ei nærare evaluering.</p> <p>Hallingdal ungdomsråd som eit viktig organ for utvikling av tiltak retta mot ungdom er føreset vidareført etter ei evaluering.</p> <p>Kultursamarbeidet i Hallingdal er føreset utvikla i prosjektperioden og at dette vil vera starten på eit endå tettare samarbeid, kanskje</p>

	<p>med ein felles organisasjon og mogeleg eit regionalt politisk kulturutval.</p> <p>Utviklinga av Gamle Nes - Landsbyen i Hallingdal er gjennomført og gjort til eit aktivum for heile Hallingdal. Omdømmearbeid er gjennomført</p> <p>Metodikken og erfaringane frå omdømmeprojektet i Nes er nytta i heile Hallingdal, og omdømmearbeid vil vera eit viktig tema i det vidare arbeidet i satsinga; Hallingdal 2020.</p>
<p>16. Hvilke effekter av prosjektet ser dere for dere at prosjektet skal føre til?</p> <p>Gi gjerne egne beskrivelser av effekter, og begrunn hvordan prosjektet kan føre til disse.</p> <p>Eksempler på effekter kan være:</p> <ol style="list-style-type: none"> Stabilisere eller øke befolkningen Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer Økt innovasjon eller innovasjonsevne Økt kompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd) Styrke regionale sentra Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringvalg for bedrifter? Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål 	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle ei slagkraftig merkevare og identitet for Hallingdal som tydeleg skil Hallingdal frå andre regionar, og som resulterer i at Hallingdal står fram som ein autentisk og attraktiv region. • Oppnå eit meir positivt omdømme • Gje ungdommen tru på Hallingdal • Auka stoltheit og identitet for innbygarane • Auka trivsel • Redusert fråflytting og/eller auka attendeflytting • Fleire arbeidsplassar og nyetableringar • Auka omsetning for næringslivet • Vidareutvikle Hallingdal sine styrker, spesialitetar og grunnleggjande føresetnadar; som Gamle Nes - Landsbyen i Hallingdal. • Utvikle kultursamarbeidet i Hallingdal til beste for innbyggjarar og våre besøkande (Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet). • Styrke regionale sentra • Skapa nye møteplassar

I tillegg til dette skjemaet, må søkere legge ved:

- Budsjett med kostnadsoverslag
- Finansieringsplan
- Framdriftsplan og milepælsplan
- Rapport fra evt. forprosjekt i tilknytning til omsøkt prosjekt